

Besøksadresse:
Torggata 22 • 2317 Hamar

Postadresse:
Postboks 325 • 2303 Hamar

Bankgiro annonser:
1820 05 00519

Bankgiro abonnement:
1822 06 42530

Redaksjonen:
redaksjonen@hamar-dagblad.no
Tlf.: 62 54 31 40
Faks: 62 54 31 60

nettavisen@hamar-dagblad.no
MMS/SMS: HD til 2097

Ansvarlig redaktør:
Tore Svensrud
Tlf.: 62 54 31 51

Journalister:
Hilde Berit Evensen
Tlf.: 975 18 779

Jo E. Brenden
Tlf.: 908 82 098

Administrerende direktør:
Jon Kristiansen
Tlf.: 62 43 24 77

Annonsør:
annonser@hamar-dagblad.no
Tlf.: 62 54 31 40 • 62 43 24 20
Faks: 62 54 31 60

Annonsespriser:
Vanlig annonseside pr. modul
kr 399,- inkl. farge.

Tekstside pr. modul
kr 599,- inkl. farge.
Linjeannonse, privat maks
10 linjer pr. annonse kr 45,-

Opplegg:
16.000

Utgivelse og trykk:
AS Østlendingen

Hamar • Dagblad

TIPS OSS PÅ VÅRE NETTIDER

hamar-dagblad.no
NYHETER PÅ NETT



Fram med sykkelen!

i Nasjonal Transportplan (NTP) har Regjeringen lagt opp til nesten en tredobling av sykkelsatsingen, fra 116 millioner kroner til 296 millioner pr. år. I tillegg til økte midler vil Regjeringen få flere til å velge sykkel framfor bil ved å utvide den eksisterende belønningsordningen for kollektivtrafikk til i større grad inkludere sykkeltiltak. Det vil også bli gjennomført sykkelregnskap i de største byene for å kartlegge behovene for, og nytten av flere sykkelveger og andre sykkeltiltak. Regjeringen har også varslet at de vil prioritere sykkel der den kommer i skvis med bil, for eksempel ved å fjerne gateparkering og anlegge sykkelfelt i stedet. Politikerne i Hamar kommune bør merke seg at staten vil prioritere de byområdene som selv satsar på sykkel.

Syklistenes Landsforening mener det er en gledelig og nødvendig satsing. De er likevel ikke helt fornøyd. For med dette tempoet vil det fremdeles ta 16 år før dagens behov langs stamvegene er dekket. I tillegg kommer Statens andel av et sammenhengende nett for sykkel i byer og tettsteder, som er beregnet til å være minst 11 milliarder kroner.

Vi mener det er viktig med en satsing på sykkelbruk også i Hamar, men det er ikke slik at det er umulig å sykle i byen i dag. Det sier også ildsjelene som denne uka starter lokallag av Syklistenes Landsforening. I likhet med dem oppfordrer vi alle til å bruke sykkel framfor bil, i hvert fall på korte turer. 43 prosent av biltrafikken i byen er reiser på mindre enn fem kilometer. Ut av bilen, opp på sykkelsetet!



Tore Svensrud
Ansvarlig redaktør

Ein tidlegare student sende meg ei tekstmelding mens ho underviste ein klasse i norsk. Elevane hennar lurte på korfor det heitte «æser» med «æ» når det samtidig heitte «åsheim» med «å». Eg som «språkmann» skjønte ikkje spørsmålet med det same, men så byrja eg å tenkje på korfor eit slikt spørsmål i det heile kan vere relevant å stille.

Den vanlege fleirtalsendinga i bokmål er -er, t.d. «gutt/gutter». I nynorsk kan fleirtalsendinga også vere -ar, t.d. «gut/gutar». Dei færreste tenkjer truleg noko særleg over at det også kan vere ein forskjell mellom eintalsformer og fleirtalsformer som ikkje berre involverer ei fleirtalsending, men i tillegg også vokalskifte, t.d.: «natt/netter», «bok/bøker». Dette vokalskiftet er resultatet av ein såkalla i-omlyd på eit tidlegare språksteg, dvs. norrønt «g/eller urnordisk. Låge vokalar som fram til e, ø, y, og æ der det tidlegare hadde stått ein i i endestavinga. Vokalskifte har ein også i verbbygginga, spesielt gjeld dette presens (notid) av sterke verb, t.d.: «fare/fer», «gråte/græb». Ein snakkar då om «avlyd» istf. «omlyd», men effekten er den same.

Som vanleg språkbrukar veit ein dette. Det er ikkje mange som går rundt og funderer mykje over korfor det er slik, og ikkje mange har høyrte fagtermene ein bruker om dei ulike fenomenene. Ein har berre lært å bruke formene og kan dei. I språkfæringsfag kan mange barn gjere feil, som t.d. «ei bok/fleire bøker» eller «ei bok / fleire bøker». Det som skjer då, er at barna bruker eit meir regelmessig system og tilpassar den andre forma

Om gudar og æser og i-omlyd

KOMMENTAR

JENS HAUGAN
Førsteamanuensis i norsk,
Høgskolen i Hedmark

grunnforma «ås», og dei høyrde til to ulike substantivklassar. Det eine ordet var «áss/ásar», dvs. «ås/ásar» med tydinga «høgdedrag». Det andre ordet var «áss/æsir», dvs. «ås/æser» med tydinga «gud». Ord som har same form, men ulik tyding, kallar ein homonym («homo» = lik, «nym» = namn). I norrønt var det ulik fleirtalsending på dei to variantane av «áss». Det er i-en i endinga til «æsi» som er grunnen til at å skiftar til æ. Sidan den andre varianten har -ar som fleirtalsending, får ein ikkje vokalskifte der.

Så no veit vi korfor «ås» med tydinga «gud» blir til «æser» i fleirtal. Men korfor heiter det «åsheim» når alle gudane bur der og ikkje berre éin? Det har å gjere med den gamle genitivforma av «áss», som var -a, dvs. «åsaheim», som då tyder «æsesenes heim». Sidan det ikkje dukka opp noka i i endinga der, fekk ein heller ikkje nokon i-omlyd, dvs. ingen æ.

Vokalskifte i seg sjølv er altså ikkje noko spesielt i norsk. Det er ein arv ifrå tidlegare tider, men den lever i beste velgåande i substantiv-, verb-, adjektiv- og adverbbygginga. Men det som gjer at elevane på tredje trinn (og for så vidt også læraren) lurte på samanhengen mellom «åsheim» og «æser», er først og fremst at «ås» ikkje er eit særleg frekvent ord i moderne norsk, sidan ein som oftest berre snakkar om gudar, og dei fleste tenkjer ikkje mykje over i-omlyd og eventuelle gamle genitivsformer heller. Vi som har studert språk derimot, synest at dette er kjempespennande. Det er berre å håpe at nokre av desse ungane på tredje trinn vil ta interessa for språk med seg vidare og stille mange relevante spørsmål også i framtida.

I norrønt hadde ein to ord med